

## Årsrapport Holmely året 2019

*Holmely omsorg og retreat er ein del av Normisjon sitt arbeid i Nordfjord. Vi har no hatt verksemd i 25 år. I vedtektene våre står det at vi har som formål å føre menneske inn i eit nært fellesskap med Jesus Kristus gjennom tilbod om sjelesorg, samtaler, forbøn og skriftemål. Gjennom dette arbeidet ønskjer Holmely å få vise Jesu omsorg for heile mennesket og få vise vegen til kjeldene for det nære livet med Gud. Vidare står det under målsettinga vår at all aktivitet på Holmely må skje i ei ramme av ro, tid og tryggleik der den enkelte gjest vert sett og høyrte av tilsette og frivillige medarbeidarar.*

Vi ønskjer å møte menneske der dei er i livet, gjennom livet sine opp – og nedturar. Dette ønskjer vi å leggje til rette for både gjennom gjestfriheit, fellesskap, samtaler, forbøn og ein enkel prat over ein kaffikopp. Her kan menneske kome å få påfyll for ande, sjel og kropp gjennom ulike arrangement og opphald. Vi ønskjer å leggje til rette for stilla der Gud kan møte oss; gjennom både stille måltid, faste bønnetider, bibelmeditasjon, samtaler, forbøn og fellesskap. Mange uttrykker at naturen kring staden òg er med på å leggje til rette for møter med seg sjølv og Gud. Så er det òg kjekt å høyre at feriegjestar, som nyttar seg av sommarbookinga vår, opplever fred og stille på denne staden. All takk og ære til Gud, forbedarar og gode medhjelparar!

I året som har gått har Gud jobba med oss; kva og kven byggjer vi livet vårt på? Dette har òg prega tema på arrangementa våre. Omsorgs-delen av Holmely omsorg og retreat, har fått meir- og anna fokus i omsorgen for det åndelege livet vårt, ikkje berre det sjelelege. Ei oppreinsking av det åndelege livet, er òg ein del av omsorga Gud viser på Holmely.

### Helgearrangement:

Året starta med ein liten bølgedal på helgearrangement-fronten. Fleire arrangement blei avlyst, av ulike grunnar. Både Inspirasjonshelga med Roy Johansen, temahelga med Sven Aasmundstveit og pinseretreaten blei avlyst grunna sjukdom og få påmelde. Ei litt tung tid, med mykje bøn og sukk til Gud om visdom for vegen vidare. Må Han lede, reinse og vise veg!

I starten av mars hadde vi **ope hus** med overnattingsgjester i 3 døgn. Fine døgn for dei som var der.

I starten av juli arrangerte vi **Keltisk retreat**. Den skulle vere leia av Brit Lundby Hilde og Øystein Frivold. Rune og Eva Langseth hoppa inn i leiing saman med Brit. Deltakarane virka nøgde, sjølv om Øystein ikkje kunne vere der.

I månadsskiftet august- september hadde vi **temahelg Åndeleg dømmekraft**, frå torsdag til søndag, med Geir Otto Holmås. Eit viktig tema som òg viste seg på deltakartalet. Sterk og god undervisning, og nært og godt fellesskap.

I september arrangerte vi **Temaretreat** med Audun og Marit Aase. Tema «**Jesusvandringens mange fasetter – oppe på fjelltoppen og nede i dalen.**» Godt frammøte, god og nær undervisning, og godt tilrettelagt stille.

I oktober hadde vi **inspirasjonshelg** med Dagmar Wember. Temaet «**Veien til himmelen**» Også her eit fint deltakartal, god undervisning om Guds leiing gjennom smertelege erfaringar.

### Dagsarrangement:

I januar hadde vi **seminardag med Geir Otto Holmås**. Vi måtte leige Fjordly, grunna mange påmelde. Noko som seier at tematikk var aktuelt. Vi hadde middagsmåltid på Holmely. Ein viktig og innhaldsrik dag, med utgangspunkt i boka «**Ved en korsvei- åpent brev til mine karismatiske venner**».

I september hadde vi **inspirasjonsdag med Rolf Kjøde**. Tema for dagen: "Summen av dine ord er sanning". Vi fylte opp spisestova for ein dag med god og solid Bibelundervisning, med måltid undervegs.

I fleire år har vi hatt ein **Stille dag i advent**. Den blei leia av Brit Lundby Hilde og Sigrun Berge Raae. Ein god og viktig dag for fleire deltakarar.

Dei siste åra har vi hatt faste **Songkveldar med Harry Andersen**. Vi hadde 4 samlingar gjennom året; januar, april, september og november. Dette er eit godt og viktig fellesskap for mange i fjorden vår. Mange av dei eldre, uttrykkjer at dei treng levande fellesskap. Songen til Harry Andersen famnar denne målgruppa på ein god måte.

I fleire år har vi òg hatt faste **Bøn og lovsongskveldar**. Her kjem ulike folk frå heile fjorden, òg med ulike kyrkjelydstilhøyring. Eit viktig fellesskap for fleire. Det er ulike som leder lovsongen frå gong til gong. To samlingar i semesteret samarbeider vi med Fjordly. Dette året hadde vi 9 samlingar i alt. Ei samling blei avlyst, grunna sjukdom.

### **Bønearbeid:**

Kvar fredag (utanom skoleferiane) har vi **Bønelunsj kl 11.30 – 12.30** i loftstova i samarbeid med Fjordly. Vi fortset med bøn i kapellet eller bønehytta. Vi er ein gjeng på mellom 4- 10 som møtast kvar veke.

**Holmely-grupper** på Eid, i Stryn og på Stadt møttest jamleg til fellesskap, deling frå Guds ord, kollekt og bøn for arbeidet.

I tillegg har vi ein **indre bøne-ring** med over 30 forbedarar, som får e-post eller brev, med konkrete bønebehov og som bed jamt og trutt for arbeidet på holmen.

### **Andre typar arrangement:**

Gjennom året har vi, som tidlegare år, hatt ein gjensidig avtale om leige ved behov mellom Fjordly, Acta og Holmely. Romma på Holmely har vore brukt til fleire leirar og anna arrangement i regi av Fjordly eller Acta. Elles har det vore utleige til konfirmasjon og barnevelsigning. Enkeltpersonar og familiar/grupper har leigd Holmely for overnatting og opphald og eigne stille dagar. Nordfjord prosti har hatt dagar med påfyll og vi har hatt jamlege styremøte gjennom året, sommarfest og ei styrehelg. Styrehelga blei brukt til fellesskap, bøn og arbeid med kjøkken- og booking - prosedyrar og anna. Denne sommaren hadde vi ope fem veker for **bed & breakfast** gjennom booking.com, med frivillige hjelparar og styret, noko som har vore ei viktig inntektskjelde for oss. Her har holmelystyret hatt hovedansvar.

### **Økonomi:**

Holmely har eit underskot på 251 386,- i slutten av 2019, da er avskrivning på 180 000,- med i berekningane. Ut frå rekneskopen kan ein sjå at både salsinntekter og gåve-inntektene har gått ned frå 2018. Noko av svaret finn vi i fleire avlyste arrangement i første halvdel av året. Vi er òg i eit generasjonsskifte med tanke på støttespelarar og fastgjevarar. I tillegg kan det òg verke inn på gjevvarsida, at vi hadde fleire avlyste arrangement i starten av året.

Vi hadde ei uventa stor utgiftspost under *Pensjonskostnader* (sjå note 2) på 119 616,- mot 16 574,- i 2018. Dette grunna at pensjonsauke frå 50 % stilling til 80 % stilling for dagleg leiar ikkje har vore registrert i DNB. Vi fekk der eit etterslep frå 2017, 2018 og 2019 på ein gong. Dette vil no jamne seg ut.

### **Personalet:**

Dette året har Rune Langseth vore vikarierende dagleg leiar i 80 % stilling. Aud H Nordpoll på timebasis, vaskeriet.

**Frivillig innsats og engasjement:**

Dagleg leiar og styret er djupt takksame for alle timane som blir lagt ned av frivillig innsats på Holmely; både under arrangement, på dugnader og i det daglege arbeidet. Dagleg leiar er òg djupt takksam til holmelystyret som står med i arbeidet, kjern med gode innspel, driv dugnad og vedlikehald, hjelper til på arrangement og bær booking – ansvaret saman med andre frivillige.

**Styret:**

Jan Gudmund Skrivervik	styreleier
Solveig Gjørven	styremedlem
Liv Torvanger	styremedlem
Frode Kvalheim	styremedlem
Rune Langseth	dagleg leiar, vikar

**Takk:** Styret vil gjerne takke alle som også dette året har støtta Holmely. Mange har gjennom gaver, praktisk arbeid og tenester gjort ein stor innsats! Ikkje minst vil vi takke alle som har stått med oss i bøn! Vi vil òg takke for godt samarbeid mellom Fjordly og med regionen. Det er viktig og godt å stå saman i Normisjon sitt arbeid i området!

**Salme 32:8**


*Eg vil gjera deg vis og læra deg  
den vegen du skal gå,  
eg vil la mitt auge kvila på deg  
og gje deg råd.*

Bryggja 21 / 2 -20

I styret for Holmely Omsorg og Retreat


Jan Gudmund Skrivervik

Styreleiar





Solveig Gjørven

Styremedlem



Frode Kvalheim

Styremedlem



Eva S. Langseth

Dagleg leiar

Liv Torvanger

Styremedlem

